

## **Styremøte i SFSG måndag 30. november kl. 10.00, på Reset i Førde**

Desse møtte: Halvar Espeseth, Leif Brekken, Margaret Skåre, Tom Idar Kvam, Eli Berge Ness

I tillegg møtte Eivind Fonn, Nortura Førde og Johannes Nedrebø under sak 32 for å orientere om drifta på anlegget i Førde.

### **Sak 31/09 Referatsaker**

- Kontaktutval rovvilt. Møte på Leikanger i november. Tom Idar møtte frå Luster/SFSG, Eli for beitelag i Gaular. Gjennomgang av beitesesongen. Mattilsynet varslar beitenekt frå Hella til Oppland om situasjonen ikkje endrar seg før dyra skal til fjells. Møte med DN i starten av året. Vart kommentert at arbeid/organisering/finansiering fungerer ulikt i dei ulike regionane
- Handlingsplan rovvilt utarbeidd av NSG er ferdig. Tom Idar var med i arbeidsgruppa. Blir lagt ut på nett, ikkje opptrykt.
- Representantskapsmøte. Leif møtte.

Sekretætfunksjonen i fylkeslaga var oppe til diskusjon igjen med tanke på å finne praktiske løysingar.

Linjeklipping tema. Rogaland har vore kritiske til dette med tanke på rekruttering av nye klipparar. Har vore inne å sett korleis det fungerer i praksis, positivt overraska. Blir arbeidd med ny ordning på heimesider for NSG og fylkeslag, intranettet Innmarka. Opplæring for tilsette før jul, for skrivarar etter nyttår.

- Årsmøte Sande Sau og Geit. Eli møtte. Dårlig oppmøte. Blir nytt møte i januar. Alle medlemmar blir kontakta for å sjå om det er interesse for å halde oppe laget.
- Geitehelg på Skei. Margaret deltok. Svært bra opplegg, gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Ikkje berre frå området til Geit i Vekst, men fleire deltakarar frå Telemark.
- Innbyding til erfaringskonferanse beitebruk Oslo, i regi av SLF. Eli har skrive søknad til Fylkesmannen med tanke på å få dekka kostnader til reise, har fått muntleg tilsagn om inntil 10.000 kr. Tom Idar og Eli deltek på konferansen
- Arkivet til SFSG blir flytta frå kontora til Fylkesmannen og over til fylkesarkivet. Fylkesmannen tek ansvar for flyttinga.

### **Sak 32/09 Orientering om slaktesesongen frå Nortura Førde**

Fonn og Nedrebø orienterte. Nytt slakteopplegg denne sesongen. Køyrrer to lag med slakting, eit frå 07.00-15.00 og eit frå 10.00-18.00. Dette gjer at ein held lova med tanke på overtid, og

at ein har likt volum pr. dag. Dette blir i praksis to arbeidslag med 70% bemanning, noko som også gjer at ein frå 10.00-15.00 har 140 % bemanning. Dei som ikkje har oppgåver knytt direkte til slakting, blir utlånte til ull og andre område på slakteriet. Gjennom dette grepet er overtida redusert med 50 %.

Villsau. Det har vore ein stor auke i produksjonar med villsau siste åra. Mange nye produsentar har starta med villsau. Dette er eit utfordring, også for slaktehuset. Det er mykje små lam, og slaktekostnadane pr. kg kjøtt blir store. Det er også produkt som er vanskeleg å omsetje. Det ligg føre eit vedtak om at villsautillegg for sau blir utbetalt berre for lam mellom 8 og 15 kg. Dette er uheldig, då ein helst ønskjer slakt over 16 kg. I dag er det slik at kjem slakta over 16 kg, misser villsautillegget.

**Vedtak:** I arbeidsplanen for komande år, skal SFSG setje opp situasjonen med auke i tal villsau. SFSG tek kontakt med fylkesmannen med tanke på å opprette ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå FMLA, Mattilsynet, villsaunæringa, Nortura og SFSG.

Fylkesmannen bør vere initiativtakar til å kalle saman gruppa.

Linjeklipp. Fonn har vore kontakta av fleire med tanke på opplæring av nye klypparar.

Leif meiner dette er eit sentralt ansvar. Tom Idar meiner problemet med klippekurs er at ein ikkje får klippe nok. Bør ha opplæring på lam.

Nortura v/Fonn er positive til å ha kurs på Reset komande år. Viktig at ein får med deltakarar som er interesserte i å drive med klypping over tid.

Beste tida for kurs er februar og august.

**Vedtak:** SFSG set klyppekurs i august opp på arbeidsplanen for komande arbeidsår. Sender også innspelet vidare til NSG.

### **Sak 33/09 Årsmelding**

Ut frå diskusjonane om kostnad ved å trykke årsmelding, går SFSG i år inn for å legge årsmeldinga ut på nett. Det må likevel trykkast opp så mange eksemplar til årsmøtet at alle årsmøteutsendingane får kvart sitt eksemplar.

**Vedtak:** Årsmelding for 2009 blir lagt ut på nett.

Eli tek ansvar for å skrive styret si årsmelding. Ho sender også ut brev/påminning til prosjekt og nemnder som skal ha stoff i årsmeldinga. Frist for å levere stoff er 20. januar.

Eli tek også på seg korrekturlesing.

Halvar tek ansvar for å snakke med fylkesmannen og NSG om redigering og utlegging på nett. Leif snakkar med Knut Laasby om det same. Dette skal vere avklart før jul.

Margaret tek ansvar for annonser. Frist 20. januar.

### **Sak 34/09 Årsmøte**

Innbyding til landbruks- og matminister Brekk er send, men vi har ikkje fått svar. Eli har tinga plass på Skei Hotell fredag 26. og laurdag 27. februar. Grunnen til at ein tok fredag og laurdag i år også, var at det ville vere enklare å få ministeren på plass ein fredag.

**Vedtak:** Årsmøtet blir på Skei Hotell 26. og 27. februar 2010. Eli lagar utkast til program for open fagdag fredag. Utkastet skal vere ferdig til møtet i januar.

### **Sak 35/09 Møteplan**

Det blir to møte til dette arbeidsåret.

**Vedtak:** Det blir møte i samband med fagsamlinga for småfe på Skei 15. og 16. januar.

Det blir også styremøte på Skei torsdag 25.02. kl. 17.00

### **Sak 36/09 Jordbrukstingingar**

Eli har teke kontakt med NSG for å høyre når dei må ha innspel frå fylkeslaga i hende.

Det held om vi sender vårt framlegg veka etter årsmøtet.

Eli lagar utkast som styret ser på under møtet i januar. Geit i Vekst v/ Ola Søgnesand bør orienterast om framdrift og generell del, då han siste åra har skrive felles uttale for geit for

Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Framlegget frå SFSG blir framlagt for årsmøtet under den opne fagdagen på Skei.

Vedtak: Framlegg til uttale til jordbrukstingingane blir handsama av årsmøtet på Skei.

Møtet slutt.

Ref. EBN